

Ufarleg skum i Beinavikjo

25.07.2013



**Innerst i Beinavikjo - i området ved Byggeriet - har det**

**samla seg eit skum på overflata i dei siste dagane. Lokalkjente undrar på kva skummet er og om det er farleg på noko vis.  
Det vert avvist av forskar Eli Gustad ved Havforskningsinstituttet i Bergen.**

Ho slår fast overfor uskedalen.no at skummet er heilt ufarleg og også at det er naturleg på denne tida av året.

- Kva er det eigentleg?
- Det er eit nedbrytingsstoff frå algeoppblomstring i havet. Ein kan si at det er resultatet av høy produktivitet i fjorden.
- Er det farleg å bada der skummet førekjem?
- På ingen måte, seier havforskaren.

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Olav Bringedal